

Songlaget Stordabuen

ABSOLUTT KORSONG

Den store millenniumsfesten!



Dirigent
Torleiv Agdestein



- Felldillies
- Spice Girls
- Matti Røssland
- Backstreet Boys
- Håvard Sivertsen
- The Rembrandts
- Trang Fødsel
- Eritney Spears
- Shania Twain
- Tor Endresen
- Metallica
- Coolio

Stord kulturhus

16. - 17. - 19. oktober 2021

Billetter: stord.kulturhus.no



MUSIKALSK LEIAR: Torleiv Agdestein **BAND:** Ståle Tesdal (gitar), Åge Ottesen (bass), André Eide (tangentar), Geir Morten Stokken (trommer) **TEKSTAR OG I SOFAEN:** Laila Føyen, Britt Guri Bjelland, Ellen Simonsen, Dag Bergsvåg **REGI/INSTRUKSJON:** Laila Føyen og Dag Bergsvåg **LYD OG LYS:** Vest Lydservice AS

VELKOMEN!

Då var me her igjen, klare for å gje vårt kjære publikum ei gladstund i haustmørket. Ekstra kjekt er det at samfunnet no er tilbake til normalen igjen, og me gler oss over at me frå scena kan sjå folk på (mest) kvart einaste sete i salen.

I år inviterer me til FEST; til ein heildundrandes millenniumsfest. I alle fall er låtvalet og manus konsentrert rundt feiringa av overgangen til tusenårsskiftet og tiåret fram mot dette. Og med både Hellbillies, Spice Girls og sjølvaste Tor Endresen på programmet, berre for å nemna nokre av dei me har med oss i repertoaret, er det duka for både allsangfaktor og kanskje eit lite rykk i swingfoten den næraste halvannen timen.

Praten i sofakroken går om kva som skjedde dette tiåret. 1990-talet baud på store hendingar i inn- og utland, det skjedde store teknologiske endringar, og musikken utvikla seg i takt med dette. Det var som dei fleste av oss hugsar, knytt stor spenning og forventning til dette årsskiftet. Ville alle datamaskinar krasja? Kunne Mayakalenderen tolkast til at verda gjekk under? Kven ville stilla med det største fyrverkeriet på Stor'en? Blir det fint vær på nyttårsaftan? Kva skal me ha på oss?

Me tar dykk med tilbake; til både tiåret, festen, spenninga og forventningane. Så fest sikkerhetssele, me er snart klare til avgang.

70 feststemte songarar gjer siste førebuingane før teppet går opp, snart klare for å servera dykk den eine 90-tals hiten etter den andre. Gjennom nok eit år prega av pandemi, er det dette som har drive oss framover og som er årets høgdepunkt,- å få koma i Kulturhuset i oktober og framføra «verket» framfor vårt trufaste publikum, og kanskje også for ein og annan som høyrer oss for første gong.



Dei siste 10 åra er det Torleiv Agdestein aleine som har stått for manus. Nytt i år at me har hatt ei gruppe i aksjon for å få på plass det som, utanom det reint musikalske, blir presentert frå scena. Dag, Laila, Ellen og Britt Guri har alle gjort ein framragande innsats i så måte, og vil utover kvelden også «krydra» framsyninga med sitt nærvær.



Torleiv Agdestein er inne i sitt 11. år som dirigent for koret, og for 11. året på rad er det han som også står bak arrangeringa av musikken, både for kor, solistar og band. Gjennom året har han dessutan lagt mykje arbeid ned i å laga lydfiler og øvingsvideoar til alle stemmene i koret, noko som har vore til uvurderleg hjelp i innøvinga av låtane - i ei tid der vanskar med å få samla heile koret til fellesøving, har sett større krav til å måtta øva på eiga hand.

Me bøyer oss i støvet over alt denne mannen får til, og er sjølvsgatt umåteleg glade og takksame for å ha han som dirigent i koret vårt.

Takk
til gode støttespelarar og medhjelparar - som gjer det mogeleg for oss å gjennomføra prosjektet!

Takk til Dag Bergsvåg for framifrå innsats med regi! Takk til bandet! Takk til Peter Tubaas for utforminga av flott plakat! Takk til Sparebanken Vest og Aker Solutions for prosjektmidlar, og til lokale verksemdar for annonser og sponsorstøtte! Takk til Heiane Storsenter v/Terje Børtveit, som har stilt areal til disposisjon for fellesøvingar! Takk til Hageland for blomar!

Sist, men ikkje minst:
Takk til kvar og ein av dykk som har funne vegen til Kulturhuset! Me set umåteleg pris på at nettopp du kom, og ynskjer deg riktig god fornøyelse!

Berre nedteljinga gjenstår. Me er klare for å fyra laus! 10-9-8-7.....

Songlaget Stordabuen
Bodil Hjellvik Askeland (leiar)

OM SONGANE

I'LL BE THERE FOR YOU Willis, Wilde, Crane, Kauffman, Skloff, Solem Arr: T. Agdestein

Dette er temamelodien frå serien FRIENDS. Serieskaparane ville først nytta ein av låtane til bandet R.E.M., men R.E.M. ville ikkje. Den amerikanske pop/rock-duoen The Rembrandts fekk då oppdraget, og songen som blei spelt inn i 1995, nådde høgt på listene i fleire land.

STJÅLEN BÅT Matti Røssland. Arr: T. Agdestein

Matti Røssland frå Husnes si første plate kom i 1989, og den blei godt teken imot. På det andre albumet, Tøffe Tider (1992), var åpningssporet Stjålen båt. Med fengjande melodi og tankevekkjande tekst er dette noko av det beste Matti Røssland har laga.

BABY ONE MORE TIME Max Martin. Arr: M. Brymer/T. Agdestein

Den amerikanske songaren Britney Spears var berre 17 år då ho i 1999 debuterte med denne singelen. Pop-prinsessa tok heile verda med storm, og plata gjekk til topps i minst 22 land. Dei to første albuma hennar gjorde henne til den mestseljande tenåringen gjennom alle tider.

I WANT IT THAT WAY Andreas Carlsson, Max Martin Arr: J. Marler/T. Agdestein

Boybandene kom for fullt på nittitalet, og av dei er det Backstreet Boys som har selt mest. Gruppa frå Orlando, Florida, debuterte i 1993. I 1999 kom det tredje studioalbumet, Millennium, der denne songen er henta frå. Songen, som var skriven av to svenskar, gjekk til topps i meir enn 25 land.

THE SHOOP SHOOP SONG Rudy Clark Arr: T. Agdestein

Cher, artisten med fleire karrierar, var i 1990 stjerna i filmen Mermaids. I denne filmen song ho ein coverversjon av Betty Everett sin song frå 1963, It's In his Kiss (The Shoop Shoop Song). Singelen fekk suksess, og gjekk mellom anna til topps i Storbritannia.

FISKETUR I ØSENDE REGN Lillebjørn Nilsen Arr: T. Agdestein

Gitarkameratene, med Halvdan Sivertsen, Øystein Sunde, Jan Eggum og Lillebjørn Nilsen, starta i 1988, og var aktive til 1994. Dei fekk fleire Spellemannpriser, og det blei konsertar rundt om i heile landet. Sidan har dei hatt opptil fleire gjenforeiningar. På det andre studioalbumet, Typisk norsk, var Lillebjørn Nilsen sin Fisketur i øsende regn, åpningssporet.

DON'T KNOW MUCH ABOUT LOVE John Hiatt Arr: T. Agdestein

Danske Hanne Boel er songpedagog og soulsongar. Sidan 2009 har ho vore professor ved Rytmsk Musikkonservatorium i København. Dette er kanskje hennar mest kjende song. Den kom på albumet Kinda Soul i 1992. Songen er laga av den amerikanske singer/songwriteren John Hiatt.

CAFE LE SWING Eva og Finn Jansen, Robert Morley Arr: T. Agdestein

Tor Endresen sitt bidrag i den norske Grand Prix-finalen i 1990 blei nummer 3, og kom såleis ikkje til Zagreb. Det gjorde ein annan Tor, nemleg Brandenburger Tor med Ketil Stokkan.



HERO Mariah Carey, Walter Afanasieff Arr: T. Agdestein

Den amerikanske songskrivaren og skodespelaren med den utrulege stemma, Mariah Carey, skreiv denne songen meint for ei anna songstjerne, Gloria Estefan. Då det ikkje blei noko av at Gloria spelte inn songen, tok Mariah den med på sitt tredje album, Music Box. Det skulle visa seg å vere eit lurt trekk. Hero blei ein av hennar mest populære singlar.

WONDERWALL Noel Gallagher Arr: T. Agdestein

Namnet på songen er inspirert av George Harrison sitt debutalbum frå 1968, som var musikken til filmen Wonderwall. Noel Gallagher, gitaristen i Manchester-bandet Oasis, har sagt at han skreiv songen til «ein fantasiven som vil koma og redde deg frå deg sjølv». Songen kom på Oasis sitt andre album, (What's the Story) Morning Glory? frå 1995.

NÅR HIMLEN FALLER NED Anne Grete Preus Arr: T. Agdestein

Songaren og låtskrivaren Anne Grete Preus hadde bakgrunn frå rockebanda Veslefrikk og CanCan då ho i 1988 debuterte som soloartist. Frå då og til ho gjekk bort i 2019, kom ho med ei rekkje plater som gav ho mykje heider og ei rad med prisar. Denne songen kom på albumet Mosaikk (16 biter) i 1998.

WANNABE Spice Girls, Matt Rowe Arr: Deke Sharon

Me kjem ikkje unna Spice Girls når me skal presentera musikken frå 90-talet. Jentegruppa blei danna for å laga eit motstykke til dei mange boybanda som herja på starten av 1990-talet. Dei fem, som snart blei kalla Scary Spice, Baby Spice, Sporty Spice, Ginger Spice og Posh Spice, kom med debutsingelen Wannabe i 1996. Den gjekk rett til topps i ei rekkje land, og suksessen blei enorm. Spice Girls er den engelske gruppa som har selt mest etter the Beatles.

BARBIE GIRL Rasted, Norreen, Dif, Nystrøm Arr: T. Agdestein

Den danske dance/pop-gruppa Aqua, med norske Lene Nystrøm som songar og frontfigur, kom med debutalbumet sitt i 1997. Songen som tok utgangspunkt i dokkene Barbie og Ken, var tredje singelen frå dette albumet. Den gjekk til topps i fleire land i Europa.

GANGSTA'S PARADISE Ivey jr, Rasheed, Sanders, Wonder Arr: Romanov/T. Agdestein

Hiphopartisten Coolio (Artis Ivey jr.) kom i 1995 med låten Gangsta's Paradise, der han hadde med seg R&B-singeren L.V. på songdelen, men sjølv stod for rapen. Melodien og songteksten bygde på Stevie Wonder sin Pastime Paradise frå 1976. Gangsta's Paradise var skriven til filmen Dangerous Minds, og blei etter kvart ein av dei mestseljande rap-songane nokosinne. No skal Songlaget Stordabuen debutera i hiphop-sjangeren.

EI KRASAFAREN STEINBU Mosletten, Haugen, Haugen, Hanly Arr: T. Agdestein

Countryrock-bandet Hellbillies frå Ål starta med å gje ut amerikanske låtar med norsk tekst, men gjekk raskt over til å skriva alt sjølv. Denne låten, som kom på det andre albumet deira, Pela Stein (1993), har norsk tekst om ein reinjeger som kjem ut for styggevær på vidda. Originalen er Hal Ketchum si Past the Point of Rescue, skriven av Mick Hanly.





NOTHING ELSE MATTERS J. Hetfield, L. Ulrich Arr: A. Romanov/T. Agdestein
Sjangeren til bandet Metallica er Trash Metal, men denne låten høyrer ikkje heime der. Det er ein personleg song som vokalisten James Hetfield seier at han spelte på hotellet for seg sjølv, og så ville dei andre i bandet ha den med på albumet Metallica, som kom i 1991. Låten gjorde nok at bandet fekk mange nye fans.

VI VIL LEVE LENGE Halvdan Sivertsen Arr: T. Agdestein
Halvdan Sivertsen frå Bodø har vore ein av våre mest populære visesongarar i over 40 år, og han treng ikkje ytterlegare presentasjon. Denne songen kom på albumet Kjærlighetslandet (1997). Tidlegare i år blei Halvdan utnevnt til kommandør av Den Kongelige Norske St. Olavs Orden - for framragande innsats som visekunstnar.

KURSIV H.P. Aaserud, J. F. Samuelsen Arr: T. Agdestein
Bandet Trang Fødsel blei starta i Bergen i 1992 av lærarstudentane Hans Petter Aaserud og Jørund Fluge Samuelsen. Fleire musikarar har vore med i bandet, som framleis er i aktivitet med Aaserud som frontfigur. Kursiv kom på bandet sitt andre album, Hybel, i 1997.

MAN! I FEEL LIKE A WOMAN! R. J. Lange, S. Twain Arr: A. Romanov/T. Agdestein
Den canadiske country/pop-songaren Shania Twain har sett fleire salsrekordar. Mellom anna er hennar tredje album, Come On Over frå 1997, verdas mest selde country-album og verdas mest selde album av ei kvinne. Det høver godt at me avslutter konserten med ein song frå denne plata.



RENEVO





ENGELSEN
ENTREPRENØR



GRAVING - SPRENGING - TRANSPORT - JORDSORTERING

Stord Anlegg

www.stordanlegg.no



Grov Forskaling

- Tømrerarbeid
- Vindu og dører
- Hus og påbygg
- Alt i glas- og låsarbeid
- Rehabilitering



BYGG

Svartadalen 3, 5412 Stord - post@gbstord.no

Tlf. 53 40 10 10





DEKK
PARTNER

Stord Dekkservice AS
Rundehaugen 31 - 5412 Stord
Tlf. 53 41 51 75



Lækjar

Finn Gunnar Ottesen

Spesialist øyre - nase - halssjukdomar

Torgbakken 2, Stord
Tlf. 53 41 03 30



DNB Bank Stord Heiane 31

Fylkesnes Bil

/// ENKELT OG KOMPLETT ///



NORTH SEA
SHIPPING



Hageland

Heiane 55, 5412 Stord



Sunnhordland Bil *SB*

- BEST PÅ FORD | Vabakken 8 - telefon 53 40 37 90



Du finner oss på facebook

EiendomsMegler 1


AMFI
STORD 

SPAR 

Spar Haga



treffstaden
i sentrum



Tysnes Sparebank
- lokalbanken din -

Heiane
storsenter



**STORD
INNKVARTERING AS**

Tannlege Bjelland

Borggata 9, 5417 Stord

Heiane Bil AS

Autorisert Opel Virksomhet
Heiane, 5412 STORD, Telefon 53 40 23 00
Måndag - onsdag 07,30 - 16,30

Torsdag 07.30 - 18.00 • Fredag 07.30 - 16.30 • Laurdag 10.00 - 14.00

PROGRAM

I'll Be There for You - Kor

Stjålen båt - Kor

Baby One More Time - Kor

I Want It That Way - Kor

The Shoop Shoop Song

Kor + Sissel Johnsen

Fisketur i øsende regn

Kor + Knut Vika

Don't Know Much About Love

Kor + Brita Andrienne Grov

Café Le Swing - Kor

Hero - Anne Karin Nilsen

Wonderwall - Roy Røssland

Wannabe - Marita Huse, Anne Lene Milje,
Brita Andrienne Grov, Kari Hilde Rommetveit,
Cecilie Heggholmen, Lene Mari Breidvik,
Line Sand, Martha Stockmann, May Linn Rubach Grov.

Når himlen faller ned - Olav Bauge

Barbie Girl - Kor

Gangsta's Paradise - Kor

Stine Haugland Skartveit og Martha Stockmann

Ei krasafaren steinbu - Kor

Nothing Else Matters - Kor

Vi vil leve lenge - Kor

Kursiv - Kor

Man! I Feel Like a Woman - Kor